



# Seksuelle overgrep mot barn

**Mål for økta:** Barna lærer at seksuelle overgrep kan skje, og at dette er ulovleg. Det er alltid lov og lurt for barn å fortelje andre vaksne om seksuelle krenkingar og overgrep, sjølv om det kan vere vanskeleg. Det må gjerast tydeleg at barn aldri er ansvarlege for seksuelle overgrep. Vaksne som utfører slike overgrep treng hjelp til å slutte med det.

**Sjå på bildet og snakk saman om det de ser:**

- Kva ser vi på dette bildet? Kvar har mannen handa si? Har han lov til å ta på jenta sin tiss? (Foreldre og andre vaksne kan ta på barn sin tiss viss dei skal hjelpe med bleieskift eller sjekke fort og forsiktig om alt er bra der dersom barn klør eller svir eller sånn, men ingen andre enn barnet sjølv har lov til å ta på tissen for å kose med den.)
- Jenta ser ikkje ut som ho synes det er greitt at mannen gjer dette. Ho likar det ikkje og vil at han skal slutte. Er det lett for barn å sei nei til vaksne som vil bestemme over dei? (Det kan vere lett, og det kan vere veldig vanskeleg. Viss nokon vil kose med barn sin tiss sånn, kan barn forsøke å seie «NEI! Det er ikkje lov! Slutt opp!» Men av og til kjennest det nesten heilt umogleg for barn å få til, og det er ikkje så rart. Det skal ikkje vere barna sitt ansvar å seie nei. Ingen skal gjere sånn, uansett om den som eig tissen seier ja eller nei eller om dei smiler eller gret. Så det er aldri barnet sin skuld at det skjer!)

**Fortel barna om seksuelle overgrep:**

Har de hørt om noko som heiter sex? Barn skal ikkje ha sex, men mange barn kan like å utforske kroppen sin, kose med tissen sin, eller kike litt på andre barn sine kroppar viss dei andre også har lyst til det. Men sex er noko anna. (Bruk gjerne også samtalebildet om kropp og grenser).

Sex er noko vaksne kan gjere saman for å kose med kvarandre sine nakne kroppar, eller for å lage barn. Så lenge dei som er med på sex har lyst til det, og det ikkje er andre som ser på, så er sex både lovleg og bra. Men det er nokre veldig viktige sex-reglar som alle må følgje. Det ikkje er lov å ha sex med nokon som er mindre enn 16 år. Derfor er det aldri lov å ha sex med barn! Vaksne har altså ikkje lov å kose med barnet sin tiss. Det er ikkje lov å få barnet til å kose med eller ta på den vaksne sin tiss. Det er ikkje lov å få barn til å sjå på at den vaksne kosar med sin tiss. Dette er sex-ting, og barn skal ikkje vere med på det.

Det som er dumt er at nokon har veldig lyst til å ha sex med barn sjølv om det ikkje er lov. Derfor finnes det nokre som prøver å lure barn til å vere med på sex. Dei kan seie sånne ting som at det er fint eller deileg, eller at dei blir så glad da, eller at barnet skal få noko dei ønskjer seg. Eller dei kan true og skremme og sei at viss barnet ikkje blir med på sex-tingen så skal det skje noko veldig skummelt eller dumt. Og da er det ikkje så lett for barn å seie nei, eller å klare å stoppe det. På internett er det mange vaksne som prøver å lure barn til sex-ting. Derfor er det veldig viktig at foreldre passar godt på når barn er på internett.

Det er veldig viktig at barn veit at vaksne ikkje har lov å gjere sex-ting med barn. Dersom barn opplever at vaksne, uansett om det er snille eller slemme vaksne, prøver å få dei med på sex-ting, så har dei alltid lov til å seie frå til nokon andre vaksne. Viss den som vil gjere sex-ting med barn har sagt det skal vere hemmeleg, eller at det kjem til å skje noko fælt dersom barnet fortel om det, så skal barnet fortelje om det likevel. Det er mange som vil hjelpe barnet da, og den vaksne kan få hjelp til å slutte med å gjere sex-ting med barn.